



## Årsregnskap for regnskapsåret 2010

Organisasjonsnr: 996 718 700  
Navn/foretaksnavn: VENELAGET FOR HALSNØY KLOSTER  
Forretningsadresse: Aslaksberget 12  
5455 HALSNØY KLOSTER

Brønnøysundregistrene

31.12.2024

---

### Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: [firmapost@brreg.no](mailto:firmapost@brreg.no) Internett: [www.brreg.no](http://www.brreg.no)

Organisasjonsnummer: 974 760 673




Brønnøysundregistra

Rekneskapsregisteret

VEDLEGG TIL ÅRSREKNESKAP 2010

Brønnøysundregistra  
Rekneskapsregisteret  
8910 BRØNNØYSUND



VENELAGET FOR HALSNØY KLOSTER Aslaksberget 12 5455 HALSNØY KLOSTER	Organisasjonsnr.  996 718 700	<input type="checkbox"/> FLI  <input type="checkbox"/> FRIV
--	-------------------------------------	---

Registrerte opplysninger per 06.04.2011		Eventuelle endringer dette regnskapsåret	
Startdato 01.01.2010	Avslutningsdato 31.12.2010	Startdato	Avslutningsdato
Konsernforhold Foreninger som følger reglane for frivillig verksemd, kan ikkje vere morselskap	Morselskap NEI	Endring av konsernforhold <input type="checkbox"/> Morselskap <input type="checkbox"/> Ikkje morselskap	

Årsrekneskapan er sett opp etter reglane for frivillig verksemd  Avkryssing er berre aktuelt for foreningar (FLI) som er registrert i Frivilligregisteret

Dersom eininga ikkje følgjer norsk rekneskapslov, eller frivilligregisterlova, kryss av  IFRS/Forenkla IFRS selskap  IFRS/Forenkla IFRS konsern

Dersom eininga vel å avvike frå rekneskapslova § 6-1, kryss av  Funksjon selskap  Funksjon konsern

Blir rekneskapsreglane for små føretak følgde?  Ja  Nei

Eg stadfestar at den vedlagde årsrekneskapan er fastsett av kompetent organ den Dato 20.04.2011

Stad/dato, Underskrift av representant for eininga *Heidi Forderud*

Berre til bruk for Rekneskapsregisteret

G  NYVE  Admr  Kregn Ja  Nei  Utt kregn

M  Rets  Ant.s

<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
ov.b	årsb	res	bal	e.bal	gj.bal	rev	i-rev	k-res	k-bal	k-n	k-rev	i-k-rev	n
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
atm.n	kto	d.k	ik-fv							funk	u.off	brev	

BR-1001-09



<b>VOSS Resultatrekneskap 2010</b>			
<b>Venelaget for Halsnøy Kloster</b>			
<b>Driftsinntekter</b>	<b>2010</b>	<b>Budsjett 2010</b>	<b>2009</b>
Medlemskontigent	10 300		
Arrangement/annonseinnt.			
Grasrotmidler			
Offentlige tilskudd			
Kulturmidlar	75 000		
Bankgebyr	50		
Kreditrenter			
<b>Sum driftsinntekter:</b>	<b>85 350</b>		
<b>Driftskostnader</b>			
Møter - arrangement	4 237		
Reiser	1 072		
Annonser			
Div.utgifter			
Forsikring			
Bankgebyr	226		
<b>Sum driftskostnader:</b>	<b>5 535</b>		
<b>Driftsresultat:</b>	<b>79 815</b>		
<b>Finansinntekter og -kostnader</b>			
Renteinntekter	150		
Renteutgifter			
<b>Årsoverskot</b>	<b>79 965</b>		

Revident og funnen rett.  
21/4. 2011. Margot Softe.



<b>VOSS</b>		
<b>Balanse 2010</b>		
<b>Venelaget for Halsnøy Kloster</b>		
<b>Eigendeler</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Kundefordringar Driftskonto	161 907	81 942
Kassa		
<b>Sum eigendeler:</b>	<u>161 907</u>	<u>81 942</u>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>		
Eigenkapital	161 907	81 942
Leverandørgjeld		
Bankgjeld		
Anna gjeld		
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<u>161 907</u>	<u>81 942</u>

Rekneskopen er utarbeidd med gratisprogram frå Landbruksdata Voss as, 5700 Voss

Revidert og funnen rett.  
21/4. 2011. Margot Sofre



Venelaget for Halsnøy Kloster  
vedlegg til rekneskapet 2010

Notar til rekneskapet:

1. Venelaget for Halsnøy Kloster har ikkje hatt tilsette i 2010.
2. Det er ikkje utbetalt godtgjersle til leiar eller andre i laget i 2010.

Halsnøy, 20.04.2011

Kontantstrømoppstilling.

Innbetalningar i perioden	kr	85.350,00
Utbetalningar i perioden	kr	5.535,00
Resultat drift 2010	kr	<u>79.815,00</u>
Finansinntekter	kr	150,00
Årsoverskot 2010	kr	<u>79.965,00</u>

Halsnøy, 20.04.2011



REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I VENELAGET FOR HALSNØY KLOSTER.

15. MARS 2011 KL. 20.00

Toril Romsø ynskte alle velkomne. Det var 10 stk som møtte, bra frammøte. Terje Skaare vart vald til ordstyrar. Han las årsmeldinga og leda valget. Økonomien er bra i laget, ca.kr. 50.000.-, utanom kulturmidlane, kr. 115 000.-, som går til kulturløypa. Alt vart samrøystes godkjent.

Valg: Leiar Toril Romsø..... 1år ✓  
Nestleiar Wenche Sæbø..... 1år ✓  
Skrivar: Borgny Særsten..... 1år ✓  
"....Haldis E Seim..... 2år ✓  
Kasserar: Heidi Hvidevold... 2år ✓  
Varamedl.:  
Terje Skaare..... 1år  
Øyvind Særsten..... 2år  
Ledis H. Eide..... 1år  
Ragnhild E Tofte.... 2år

Revisor: Margot Tofte.

STYREMØTE.

Styret konstituerte seg med det same.

Toril Romsø fyllte ut skjema for grasrotandel til Brønnøysundreg. Alle fekk utdelt vedtekter for Venelaget. Viktig at me alle prøver å verva nye medlemmer. Kanskje me kan ha ein stand på Sæbøvik til våren.

Møtedagar i laget vert andre tirsdag i månaden, styremøte kl. 19.00 og medl.møte kl.20.00.

Fyrste gong tirsdag 12. april 2011.

Me fekk servert Pizza m/salat (laga av Dill) og kake (laga av Wenche). Deilig.

Møtet vart heva kl. 21.45

Skr. Borgny Særsten.





VOSS									
Dagbok 2010 Venelaget for Halsnøy Kloster									
fakt- dato	bilagstekst	bilag- nr	drifts- konto:	utgift	inntekt	bet- dato	bet- konto	betaling- sum	namn
ÅRSSUM 2010				5 535	85 500	79 985			
01.03	Kulturmidlar Gjensidigestiftinga	1	35		75000	01.03	1	75 000	Driftskonto
11.03	Kontingent	2	30		200		1	200	Driftskonto
11.03	Kontingent	3	30		300		1	300	Driftskonto
12.03	Kontingent	4	30		300		1	300	Driftskonto
15.03	Kontingent	5	30		200		1	200	Driftskonto
15.03	Kontingent	6	30		300		1	300	Driftskonto
15.03	Kontingent	7	30		300		1	300	Driftskonto
15.03	Kontingent	8	30		300		1	300	Driftskonto
15.03	Kontingent	9	30		300		1	300	Driftskonto
15.03	H.M. Eides Matsenter, Joker	10	40	176			1	-176	Driftskonto
15.03	Reiserekning, Torill og Øyvinn, Bergen	11	70	1 072			1	-1 072	Driftskonto
16.03	Kontingent	12	30		200		1	200	Driftskonto
16.03	Kontingent	13	30		300		1	300	Driftskonto
16.03	Kontingent	14	30		300		1	300	Driftskonto
17.03	Kontingent	15	30		300		1	300	Driftskonto
17.03	Kontingent	16	30		200		1	200	Driftskonto
17.03	Kontingent	17	30		200		1	200	Driftskonto
19.03	Kontingent	18	30		300		1	300	Driftskonto
19.03	Kontingent	19	30		200		1	200	Driftskonto
19.03	Kontingent	20	30		200		1	200	Driftskonto
22.03	Kontingent	21	30		200		1	200	Driftskonto
22.03	Kontingent	22	30		200		1	200	Driftskonto
22.03	Kontingent	23	30		200		1	200	Driftskonto
22.03	Kontingent	24	30		200		1	200	Driftskonto
22.03	Kontingent	25	30		200		1	200	Driftskonto
22.03	Kontingent	26	30		300		1	300	Driftskonto
24.03	Kontingent	27	30		200		1	200	Driftskonto
25.03	Kontingent	28	30		200		1	200	Driftskonto
25.03	Kontingent	29	30		200		1	200	Driftskonto
26.03	Kontingent	30	30		300		1	300	Driftskonto
29.03	Kontingent	31	30		200		1	200	Driftskonto
29.03	Kontingent	32	30		300		1	300	Driftskonto
30.03	Kontingent	33	30		200		1	200	Driftskonto
31.03	Kontingent	34	30		200		1	200	Driftskonto
31.03	Kontingent	35	30		300		1	300	Driftskonto
31.03	Bankgebyr	36	77	100			1	-100	Driftskonto
31.03	Tilbakebet gebyr	37	38		50		1	50	Driftskonto
06.04	Kontingent	38	30		300		1	300	Driftskonto
12.04	Kontingent	39	30		300		1	300	Driftskonto
12.04	Kontingent	40	30		300		1	300	Driftskonto
13.04	Kontingent	41	30		300		1	300	Driftskonto
14.04	Dill AS	42	40	920			1	-920	Driftskonto
15.-04	Kontingent	43	30		200		1	200	Driftskonto
20.04	Kontingent	44	30		300		1	300	Driftskonto
22.04	Kontingent	45	30		200		1	200	Driftskonto
11.06	Kontingent	46	30		200		1	200	Driftskonto
24.06	H.M. Eides Matsenter, Joker	47	40	194			1	-194	Driftskonto
30.06	Bankgebyr	48	77	100			1	-100	Driftskonto
09.07	Eletroen AS	49	40	2 599			1	-2 599	Driftskonto
06.08	H.M. Eides Matsenter, Joker	50	40	348			1	-348	Driftskonto
30.09	Bankgebyr	51	77	26			1	-26	Driftskonto
28.04	Kontingent	52	30		200		1	200	Driftskonto
03.05	Kontingent	53	30		200		1	200	Driftskonto
31.12	Kredittrenter	54	80		150		1	150	Driftskonto

## Årsmelding for Venelaget for Halsnøy kloster, 2010

For Venelaget vart 2010 eit roleg år. Laget hadde 42 betalande medlemmer, 20 familiemedlemskap og 22 einskildmedlemskap. Økonomien i laget er god.

### Møteverksemd.

I løpet av våren hadde me kun tre ordinære møte etter årsmøtet. Det var dårleg frammmøte på desse møta, kun 2-3 personar. Det var vanskeleg å konstituera styret og det enda med at leiaren har vore kasserar og også delvis sekretær. Dette er uheldig og me bør prøve å unngå ein slik situasjon i framtida. Det er særst viktig at dei som er i styret kjem på møta, evt. sender ein vararepresentant, dersom dei ikkje kan møta.

Toril hadde elles "telefon-møte" med nokre i styret i høve avklaring om innkjøp av ein fryseboks til å oppbevare hylleblomsaft o.a. i. Fryseboksen kosta kr. 2599.- og står i kjellaren. Elles fekk me i stand ein dugnad, der folk som ville, kunne laga hylleblomsaft og levere til klosteret. Dugnaden vart gjort kjent gjennom klosteret si nettside og facebook og folk kunne kjøpe ingrediensar på Venelaget si rekning hos Joker, Eidsvik. Ein god del flasker vart leverte og har kome vel med i ulike tilstelningar og arrangement på klosteret.

Me avslutta for våren med bålbrenning og kos i Skarvasteinen. Helen la ut fine bilete på nettsida til klosteret.

Det vart ingen møte i Venelaget om hausten, då me venta på framgong i kulturløypearbeidet og heller ikkje hadde andre oppgåver som skulle gjerast.

Ymse informasjon, som gjeld Venelaget og kulturløypa har blitt lagt ut på nettsidene til klosteret og på facebook.

### Dugnad i klosteret.

I høve Klosterdagen, 5. juni, stilte Venelaget med gode kaker til kafeen, folk til billettsal, drift av kafeen, sjauing av bord og benkar, vakter, samt rydding og anna førefallande arbeid. Det er alltid kjekt å delta på klosterdagen og her gjer Venelaget ein flott innsats.

### Dugnad i kulturløypa.

Arbeidet med kulturløypa stoppa litt opp når det gjaldt rydding og tilrettelegging av traseen. Det vart slik fordi me måtte venta til alle avtalar med grunneigaren var underskrivne og tinglyste. Det skjedde først før jul.

Det er blitt utarbeidd ein omfattande og detaljert skjøtselsplan for Kulturløypa. Det er Solveig Rongved hos Fylkeskonservatoren som har stått for det formelle arbeidet og som har hatt kontakten med grunneigaren. Ho har gjort eit imponerande arbeid og det har gått fort, rekna etter normal behandlingstid i byråkratiske, fylkeskommunale saker. Me er takksame for det gode arbeidet ho har gjort.

Arbeidsgruppa for Kulturløypa, der Toril og Øyvind representerer Venelaget, har hatt minst fem møte. Der har me delteke på synfaringar og gjennomgang av løypetrasear og diskusjonar om korleis me best kan løyse ulike utfordringar undervegs i løypa. Det er mange detaljar som må takast omsyn til. Arbeidsgruppa hadde pressekonferanse 16. februar 2011, der me endeleg kunne gå ut med informasjonen om at nå var alt i orden og arbeidet med sjølve løypa kan setjast igong.

Elles er det engasjert eit firma som skal ta seg av å laga skilt til løypa. Her har Sigvald Robberstad vore ein ressurs, som har bidrege med mykje fagkunnskap, både når det gjeld fornminna, geologien og faunaen i området der løypa skal gå. Elles har Toril funne fram til ein del informasjon og bilete, som omhandlar naustet, nausttufta og steinkransen. Informasjonen er vidare sendt til dei som skal laga skilta.



Helen har gjort ein stor jobb i samband med å finna fram til ulike teikningar av klopper, grindar, gjerdeklyv o.a. som me treng til løypa, samt leverandørar av ulike materiell og tenester.

Venelaget er tiltenkt ei sentral rolle i arbeidet med å tilretteleggje og halda løypa i orden. Ein har avtale om kulturløype, som gjeld for 20 år, så her snakkar me om langsiktig arbeid.

Tankar og oppgåver framover.

Me vil prøva å finne ein fast møtedato i månaden, slik at det blir enklare for folk å setje av tid til å møtast.

Det vil gjera arbeidet med å nå medlemmer til dugnader og møte enklare, dersom me kan bruka e-post. Det blir ei oppgåve å skaffe e-postadresser.

Elles ynskjer me å auka antalet aktive medlemmer og vil prøva å setja i gong ein vervekampanje. Det er plass til mange fleire i Venelaget og mange spanande oppgåver ligg framfor oss.

Takk til alle, som trufast stiller opp.

Leiaren.

Toril Romsø, leiar  
